



**Arkivsak**

26/00107-9

**Sakshandsamar**

Oda Marie Sjøli Langbach

**Saksgang**

Yrkesopplæringsnemnda

Telemark ungdomsråd

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse  
og tannhelse

**Møtedato**

20.05.2026

22.05.2026

27.05.2026

## Fast rapportering - møterekke 3 i 2026

### Innstilling frå fylkesdirektøren

Rapporten blir teken til orientering.

### Bakgrunn og saksgang

Hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse har bede fylkesdirektøren om fast rapportering på følgjande saker:

1. Status for byggjeprojekta
2. Oversikt over høyringssaker innan ansvarsområdet frå utvalet som ikkje blir svart på av Telemark fylkeskommune
3. Status for arbeidet i Oppfølgingstenesta
4. Status for formidling til lærefag
5. Status nye lærebedrifter
6. Kontraktar ved opplæring i bedrift
7. Referat frå styremøte og representantskapsmøtet ved Fagskolen Vestfold og Telemark
8. Referat frå skuleutval og skulemiljøutval
9. Referat frå Fagforum

Saka blir lagt fram for Yrkesopplæringsnemnda og Telemark ungdomsråd til orientering. Hovudutval for utdanning og kompetanse gjer endeleg vedtak.

### Saksopplysningar

#### Status for byggjeprojekta

Skogmo vgs: I dette prosjektet pågår arbeid med å ferdigstilla teikningar og underlag for utlysing, og dette er venta ferdig innan midten av mai.

Porsgrunn vgs: Her vil samspelleleverandør bli vald i slutten av april og kontrakt blir skriven i byrjinga av mai.


Oversikt over høyringssaker innan ansvarsområdet frå utvalet som ikkje blir svart på av Telemark fylkeskommune

| <b>Høyring</b>                                                                                                                                                                | <b>Motteke og referanse</b>                                      | <b>Status</b>                                                                                                                  |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Frå Helse- og omsorgsdepartementet</b><br>Høyring - Forslag om mellombels endring av føresegna i alkohollova om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrar 2026 | 02.02.26<br><br>Arkiv: 26/03477-1<br><br>Høyringsfrist: 13.03.26 | Gjeld utvida skjenketider for serveringsstader som viser VM-kampar sommaren 2026.<br><br>Me uttaler oss ikkje.                 |
| <b>Frå Helse- og omsorgsdepartementet</b><br>Høyring - Forslag til ny psykisk helsevernfskrift                                                                                | 10.02.26<br><br>Arkiv: 26/03801-1<br><br>Høyringsfrist: 10.05.26 | Lite relevant for Telemark fylkeskommune.<br><br>Me uttaler oss ikkje.                                                         |
| <b>Frå Skien kommune</b><br>Høyringsinvitasjon - Mellombels forskrift om skjenke- og serveringstider - Verdsmeisterskapen i fotball for herrar 2026                           | 12.03.26<br><br>Arkiv: 26/03477-2<br><br>Høyringsfrist: 02.04.26 | Gjeld utvida skjenketider for serveringsstader som viser VM-kampar i Skien kommune sommaren 2026.<br><br>Me uttaler oss ikkje. |


Status for arbeidet i Oppfølgingstenesta

Oppfølgingstenesta i Telemark har per 22. april 2261 ungdommar som dei arbeider med. Dette gjeld ungdom som ikkje er i vidaregåande opplæring og som ikkje har fullført vidaregåande skule, eller ungdom som Oppfølgingstenesta arbeider førebyggjande med i skule eller opplæring.

Nøkkeltal for Oppfølgingstjenesten Telemark Skoleåret 2025/2026, per 22. april 2026.



Måndsrapportar vert køyrde den 15. kvar måned. Nedanfor følgjer oversikt over talet på ungdomar som er tilmelde Oppfølgingstenesta dei siste tre åra.



#### Status for formidling til lærefag

Sjå vedlegg «Søkere og formidling til læreplass 2026, 27.04.26»

#### Status nye lærebedrifter

Sjå vedlegg «Nye bedrifter i 2026, 27.04.26»

#### Kontraktar ved opplæring i bedrift

Sjå vedlegg «Lærekontrakter utvikling historikk, 27.04.26»

#### Referat frå styremøte og representantskapsmøtet ved Fagskolen Vestfold og Telemark

Det er ikkje gjort tilgjengeleg nye protokollar frå styremøta ved Fagskolen Vestfold og Telemark sidan førre møterekkje.

For protokoll frå representantskapsmøtet for Fagskolen Vestfold og Telemark 24.04.2026 sjå vedlegg «Protokoll fra representantskapet for Fagskolen Vestfold og Telemark 24.04.26»

### Referat frå skuleutval og skulemiljøutval

Det er ikkje gjort tilgjengeleg referat frå skuleutvalet og skulemiljøutval sidan førre møterekkje.

### Referat frå Fagforum

Viser til følgjande referat (sjå vedlegg Referat fra fagforum):

- Fagforum BA – Bygg- og anleggsteknikk 17.03.26
- Fagforum ED – Elektro og datateknologi 18.03.26
- Fagforum FBIE – Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign 17.03.26
- Fagforum HO – Helse- og oppvekstfag 13.03.26
- Fagforum IM – Informasjonsteknologi og medieproduksjon 20.03.26
- Fagforum NA – Naturbruk 05.03.26
- Fagforum RM – Restaurant- og matfag 25.03.26
- Fagforum SSR – Salg, service og reiseliv 25.03.26
- Fagforum TEK – Teknologi- og industrifag 11.03.26

### **Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar**

Saka er ei informasjonssak og har ingen direkte økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar.

### **Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs berekraftsmål**

Saka har ingen særskilde merknader knytte til klimamålet i fylket eller FN sine berekraftsmål.

### **Fylkesdirektøren si vurdering**

Fylkesdirektøren vurderer at informasjonen i saka følgjer opp ønsket om fast rapportering på ein god måte på dei etterspurde område.

Vedlegg:

Lærekontrakter utvikling historikk, 27.04.26

Nye bedrifter i 2026, 27.04.26

Søkere og formidling til læreplass 2026, 27.04.26

Protokoll fra representantskapet for Fagskolen Vestfold og Telemark 24.04.26

Referat fra fagforum